

Solid gå-gjeng og godt kafe-besøk

29.03.2011



**Som tysdag i førre veka var det 11 sprekingar som opna dagen
i dag med å gå ein tur gjennom dei sentrale deler av bygda.**

**Og etterpå tok dei og mange andre ein kafferast i
Tl-aren Cafe.**

**Faktisk var så mange som 50 voksne og 10 barn innom
på dei 4 timane kafeen er ope..**

- Det var så travelt her ei stund at vi hadde problem med tellinga, seier
dei flinke damene som hadde teneste denne dagen.

Dei kunne også glede seg over eit kjøken som er iferd med å verta nytt.
Men det står ein god del att og ikveld held dei fram med
jobben.

Det neste som skjer i Gamleskulen er strikkekafe i morgen kveld og
då er kafe-gjengen i aksjon att! Truleg er dette den siste strikkekafeen
denne sesongen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)